Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Vest-Agder
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Kvås
Emne: Juletre og julekalven | Bygdelag:
Oppskr. av: Arne Skarestøl | Gard:
(adresse): Førland, Kvinesdal | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, no er juletreet vanleg.
2. Første juletreet i bygda kom, såvidt ein veit, kring 1890.
3. Juletre på skule- og lagsfestar første gong 1911.
4. Går ut.
5. Nei.
6. Juletreet er som regel så høgt som det er råd for loftet i stova.
7. Det er stasa med korger, lekker og himmelstigar av papir, glaskuler og glitter og ei mengd med lys.
8. Somme stader får borna lov å stasa, andre stader er det dei vaksne
9. Står oftast på ein fot midt på golvet. Gamle eller einslege kan ha eit lite tre på bordet.
10. Der det er born tender ein gjerne lysa både julaftan, juledag og andredag. Ofte nyår og Helligtrikongar og.
11. Heile huslyden går rundt treet og syng julesalmar og andre songar, nasjonalsongar og.
12. Treet skal stå til tjugandedag. Mange har det til bortimot påske.
13. Å plyndre treet er ikkje vanleg her.
14. Gran eller furu.
15. „Erstatning" ukjend her.
16. Nei
17. Det er ingen som hugsar noko om julekalven.

4752

~~16. Nei.~~

~~17. Det er ingen som tingar noko av julekakene.~~

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING